



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Dato: 29.05.2015  
Vår ref.: 2015/4103-4  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Søknad om Skeie kraftverk i Kvam herad. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til brev dagsett 14.04.15 om endring i vedtaksmynde for Skeie kraftverk i Kvam herad. Då Hordaland fylkeskommune ikkje tidlegare i prosessen har gjeve fråsegn om utbygginga er vi i brevet også bedne om å gje fråsegn om dette.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 128/2015 på møte 19.05. og vedtok følgjande fråsegn:

1. *Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Skeie kraftverk.*
2. *Det vil vere eit krav om arkeologiske granskingar i samband med tiltaket jf. § 9 i kulturminnelova. Fylkeskonservatoren ber tiltakshavar ta kontakt for å greie ut om kostnader og omfang. Arkeologiske granskingar bør vere gjort i forkant av vurdering av konsesjonsspørsmålet for å sikre ein god prosess i saka.*
3. *Av omsyn til anadrom fisk må avbøtande tiltak, som automatisk forbisleppingsventil, vurderast.*

Vedlagt følgjer protokoll og saksframlegg.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*